Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Vår dato: 03.06.2026
Vår ref: 2026/4063
Deres dato:
Deres ref:

K VOLDNES AS
Leikong 9
6080 GURSKØY

Saksbehandler, innvalgstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vurdering, forurensningsloven - tiltak i sjø - Herøy 76/151 - utfylling i strandsone ved naust

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til dykkar henvendelse av 01.06.2026 om ei mindre utfylling i sjø ved gnr. 76 bnr. 151 i Herøy kommune.

Det er oppgitt at det skal etablerast ei mindre fylling over eit areal på ca. 120 m^2 i sjø langs land, «i tilknyting til eksisterande betognskråning og strandsone». Tiltaksområdet er allereie påverka av «eksisterande naust- og sjørelatert aktivitet». Det er oppgitt at arbeidet vil verte utført «kontrollert for å redusere partikkelspreiing i sjø under anleggsfasen». Tiltakshavar vurderer at tiltaket vil ha liten effekt på naturmangfald og miljø.

Vi kjenner ikkje til registrerte naturverdiar i sjølve tiltaksområdet som kan verte råka av tiltaka. Det er registrert små ålegrassamfunn både nord og sør for tiltaksområdet, men dei har vesentleg avstand til staden som skal fyllast ut. Tiltaksområdet omfattast av gytefeltet for torsk ved namn *Selvågdjupet,* som dekker eit større område mellom Gurskøya og Hareidlandet. Gytefeltet reknast som regionalt viktig.

Vi kjenner ikkje til vesentlege forureiningskjelder i nærleiken til tiltaksområdet. Noko påverknad i sedimentet frå båttrafikk over lang tid kan tenkast. Vi ser det ikkje som sannsynleg at tiltaket vil medføre nemneverdig spreiing av miljøgifter.

Tiltaket er av lite omfang og har etter vår vurdering låg risiko for spreiing av forureining eller vesentleg negativ påverknad på registrerte naturverdiar eller fiskeriinteresser i området. **Vi vurderer at det ikkje er naudsynt med løyve etter forurensningsloven, jf. § 11, i denne saka. Vi syner til § 8, som seier at vanleg forureining frå mellombels anleggsverksemd kan skje når det ikkje er risiko for nemneverdig skade eller ulempe.**

Vi føresett at tiltaket utførast skånsamt for å minimere spreiing av partiklar og at det berre nyttast massar som er reine og som er eigna til føremålet. Tiltaket må ikkje føre til spreiing av sprengtrådrestar og anna avfall i det marine miljøet. Vi tilrår at tiltaket utførast utanom gyte- og

E-postadresse: sfmrpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvalteren.no/melding
Postadresse: Postboks 2520, 6404 Molde
Besøksadresse: Julsundvegen 9
Telefon: 71 25 84 00
www.statsforvalteren.no/mr
Org.nr. 974 764 067

oppveksttida til torsken (januar-mai) for å skåne fisken i den mest sårbare tida. Tiltakshavar er ansvarleg for å skaffe eventuelle naudsynte løyve eller avklaringar etter andre regelverk.

Med hilsen

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent